

ANNONSE



LEDIGE KONTOR I SOGNDAL SENTRUM

Ledig plass i moderne kontorfellesskap i
Fjørevegen 25, Sogndal.

Kontakt frode@einarseneigedom.no

Sjå video her:



DRIFTIG: Torill Bye Wilhelmsen er ei dame med mange ballar i lufta. Her kjem eit mikrohus køyrande opp bakken til Bolstad på Skjolden. Foto: Privat / Tage Skjaak Moen

Drøymer om mikrohuslandsby på Skjolden - men først må regelverket endrast

– Kommunen er veldig positiv og det er stor velvilje overalt, seier Torill Bye Wilhelmsen.

 **Dordi Lerum**
JOURNALIST

PUBLISERT Tirsdag 05. juli 2022 - 05:43



For to veker sidan skreiv Porten om Torill Bye Wilhelmsen som står i bresjen for eit nytt tilflyttingsprosjekt i Skjolden.

Mellanom anna har ho bestilt eit mikrohus som folk kan få prøvebu i. Fredag kom det til Skjolden.

Men går det slik ho vil, har ikkje Wilhelmsen tenkt å nøye seg med «berre» eitt hus.

– Eg drøymer om å få til ein mikrohuslandsby etter kvart, seier initiativtakar Torill Bye Wilhelmsen.





For eitt år sidan flytta Torill og familien til Skjolden – no vil ho at fleire skal gjere det same

Bygdefolket vart overraska

Mange skodelystne hadde møtt opp langs vegen då mikrohuset kom køyrande frå Oslo, oppover Gudbrandsdalen og over Sognefjellet.

– Det var veldig morosamt for ein brukte mange timer ekstra på vegen fordi det var så mange som ville ta bilete av det, seier Wilhelmsen og smiler.

Heime på Skjolden var det fleire som sperra opp auga då huset kom trillande.

– Eg såg det var nokon på Skjolden som vart litt overraska då vi køyrd mikrohuset opp bakken til Bolstad. Fleire ungar har kome bort og lurt på om det er eit dokkehus eller eit ekte hus, ler ho.

Ho fortel likevel at reaksjonane ho har fått frå bygdefolket har vore veldig gode.

– Det har berre vore overstrøymande positivt. Folk tykkjer det er spanande med eit så lite hus, seier Wilhelmsen.

– Sjåføren har køyrd ut over 100 hus. Han sa det var den finaste plasseringa han hadde plassert eit hus, og sto nesten og hoppa og sa det var det råaste nokon gong, fortel ho vidare.



Sjå video av at mikrohuset kører opp til Bolstad her. Video: Tage Skjaak Moen

Litt utfordringar

Frå og med 1. september håpar Wilhelmsen at ein familie kan prøvebu i huset, via den nye prøvebu-ordninga til Skjolden bygdelag. På sikt håpar ho også å få etablert ein mikrohuslandsby i bygda. Likevel er det nokre utfordringar som stikk kjeppar i hjula.

– Kommunen er veldig positiv og det er stor velvilje overalt. Men regelverket i Noreg må endrast. No er det ikkje godkjend å bu i mikrohus, så ein må ein ha dispensasjon for å kunne bu der.

Wilhelmsen fortel at det har vore høyringar og at saka skal opp til politisk handsaming. Ho har trua på at saka kan gå igjennom, og at det skal bli lov å bu i mikrohus utan å måtte søkje særskild om å kunne bu der.

– Eg har fått veldig positive signal. Det kan hende at lovendringa er på trappene no, det er spanande for det kan jo skje fort, seier den driftige dama på Skjolden.





HUS PÅ HJUL: Her sit sjåfør Jarle og monterer opp huset medan ektemannen til Wilhelmsen, Morten Løwe, ser på i bakgrunnen. Foto: Torill Bye Wilhelmsen

Bra for miljøet, bygda og lommeboka

Den største utfordringa var å få tak i mikrohuset, då det ifølgje Wilhelmsen er stor etterspurnad etter mikrohus for tida. Huset som kom til Skjolden er difor eit hus som allereie har vore i bruk i rundt tre år. Gjenbruk og miljøperspektivet har likevel vore viktig for Wilhelmsen.

– Ein viktig grunn til at me satsar på mikrohus er fordi dei er bygd med tanke på miljøet. I alle prosjekt framover må vi ta omsyn til miljøet, og det å tenkje over kor mykje materielle ting vi har eller ikkje har er viktig. I eit større berekraftprosjekt er det viktig å tenkje over kor mykje ressursar me brukar kvar av oss. I tillegg meiner eg at bygda har eit stort bustadproblem. Me treng fleire bustadar, seier Wilhelmsen



BYGDELAGET: Leiar i bygdelaget Anne Marie Bolstad saman med Torill Bye Wilhelmsen. Snart håpar dei at nokon kan prøvebu i mikrohuset. Foto: Privat

– Det å bu i eit litte lite hus gjer at ein får eit fint hus å bu i, det er bra for miljøet og ein tek omsyn til lommeboka, seier Wilhelmsen og syner til at no når det no til dømes er dyr straum vil ein ikkje få like store straumrekningar for eit mikrohus samanlikna med ein vanleg hus i normal størrelse.

Innan tre år?

Når det gjeld landsbyprosjektet meiner Wilhelmsen at det er fordeler med å etablere ein slik landsby, der fleire som ynskjer å bu i mikrohus får bu samla.

– Det er enklare å finne ei god plassering, og så kan ein ha felles fasilitetar som oppholdsrom, bod, carport, utegrill og ikkje minst at ein kan ha eit fellesskap med andre som har like verdiar som seg sjølv. Det seier seg sjølv at folk som bur i mikrohus er meir opptekne av minimalisme og det å vere ute, seier Wilhelmsen.

Ho er i møter med Innovasjon Noreg, kommunen og moglege investorar for å prøve å få opp landsbyen i laupet av rundt tre år.

— Meir enn det veit en ikkje om en kan sei, avsluttar ho laundomefullt



UTSIKT: Utsikta frå Mikrohuset er ikkje noko å klage på.

FJELFLYTT PRØVEBU MIKROHUS NYHEITER MIKROHUSLANDSBY SKJOLDEN



+ PLUSS



+ PLUSS



+ PLUSS

Flyttar mannskap frå Steiggjetunnelen til Ljoteli

Smitteauke skapar utfordringar: – Handlar mest om dei praktiske problema for folk

Lastebil reiv opp delar av fergekai



+ PLUSS



+ PLUSS

Drøymer om mikrohuslandsby på Skjolden – fredag kom det fyrste huset

Kan vere på veg vekk: – Situasjonen er langt frå ideell

Ledige stillinger:

HMR Hydeq har fleire ledige stillingar

Sygnir søker prosjektleiar nettutvikling

Sjukepleiar/ vernepleiar i Heimetenesta - Lærdal kommune

[Alle ledige stillinger](#)



Amlatunnelen stengt



Leander (18) fekk sitt første innhopp: – Vart hektisk



UDI ankar ikkje dommen:
– Eg er fri, eg er årdøl



Kvalifiserte seg til finale –
onsdag skal Marte kjempe om EM-medalje



Investerer 325 millionar i
Høyanger: – I dag spreter me champagnen



Årdal – Tyin framleis stengt



Trafikkulukke i Lærdal –

personbil har velta



Håpar dei nye lokalna kan gje auka omsetnad: –
Spanande tid framfor oss



Reagerer på politiet sitt innlegg om festovergrep:
– Legg ansvaret på offeret



Å halda ved like turstiane er hardt arbeid: – Eit helvete å koma gjennom, men det er godt å få det gjort



Sogndal blei leika med



KFUM fekk revansje

Jon Navarsete



Sommarvêret let vente på
seg – neste veke blir både grå og kald



Elise (17) flytta til USA midt i koronatida: – Folk brydde seg ikkje så mykje



Bibil sperra fylkesveg mellom Fortun og Turtagrø

REDAKTØR[Ola Skram](#)

+47 415 77 725

**Kontakt
oss****ADRESSE**

Porten AS

Orgnr. 977 051 169

Farnesvegen 3

Postboks 92

6884 Øvre Årdal

Rett spørsmål, tips og anna mot

tips@porten.no eller 948 61 766.Sjå [annonseinfo](#) eller kontaktmarknad@porten.no for gode tilbod.

Porten.no er ei partipolitisk uavhengig

nettavis for Indre og Ytre Sogn. Me har

forplikta oss til Redaktørplakaten og Ver

Varsom-plakaten. Les meir om avisas [her](#).[Personvern og Informasjonskapslar](#)

Powered by Labrador CMS